



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Rundskriv

Alle departementa
Statsministerens kontor

Nr.	Vår ref	Dato
R-7/2010	10/3866 C IMH/SBP	14.09.2010

Statsbudsjettet 2010. Tilleggsløyvingar i haustesjone - ny saldering

Finansdepartementet skal leggje fram for Regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsløyvingar hausten 2010. Finansdepartementet ber derfor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsløyvingar for 2010 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld også saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løyvingsreglementet, kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer også merksam på at det kan vere naudsynt å sette ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 18. oktober 2010. Forslaga skal fordelast på kapittel og poster med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1000 kroner:

- Rekneskap 2009
- Saldert budsjett 2010 + tilleggsløyvingar hittil
- Tilleggsforslag 2010

I Hovudbudsjettskrivet for 2010 blei departementa bedne om å sende inn overslag for behovet for tilleggsløyvingar for 2. halvår 2010 innan 3. august 2010. For at forslaga skal bli handsama, må departementa sende inn konkrete forslag nå. Det er ikkje tilstrekkeleg å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at Regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsløyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som blei godtekne. Fristen for å leggje fram slike proposisjonar er 19. november 2010.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2010 vil etter planen bli fremja i statsråd fredag 3. desember 2010.

Med helsing

Espen Aasen e.f.
avdelingsdirektør

Ingvild Melvær Hanssen
rådgjevar